

R planID  
arkivID

4631-12602017000700

-----  
Ordførar



# ALVER KOMMUNE

## Reguleringsplan

*Detaljregulering*

*Toska fritidssenter, gnr 443, bnr 9 m.fl*

**Reguleringsføresegner**  
(jf plan- og bygningslova § 12-7)

Datert 22.12.2021

Utval	Utarbeid	Sist endra	Sak	Godkjent	ArkivID
UDU					
UDU					
Kommunestyre					

## 1 Siktemålet med planen

Føremålet med planen er å konsentrere utbygginga av utleigehytter, naust og flytebrygger til eitt område og ei vik. Hyttene skal vere små og enkle og tilpassa utleige. Planen regulerer storleiken på småbåthamna i tråd med utbygd utstrekning.

## 2 Fellesføresegner for heile planområdet (§12-7)

### 2.1 Offentleg tilgjenge

Det skal vere fri ferdsel for ålmenta i heile området. Flytebryggene/båtplassane kan sikrast mot uvedkommande, men kaier og brygger langs land skal ha fri ferdsel for ålmenta.

### 2.2 Terrenghandsaming (pbl § 12-7 nr 1)

- Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad og inngrep i terrenget skal minimaliserast.
- Det er tillate å gjera tiltak i bekkeløpet for å sikra mot erosjon. Dette er tiltak som muring, plastring, fyllinger og andre stabilisante og tryggleiksmessige tiltak. Det er, ut frå tryggleiksmessige vurderingar, lov til å etablera delar av bekken i røyr. Tiltak i vassdraget må ha løyve frå vassdragsmynde før igangsetting.
- Det er ikkje tillate å etablere vegetasjon som ikkje er stadeigen. Det vert ikkje tillate å etablere uønskte framande artar.
- Skjering og fylling skal sluttførast på ein tiltalande måte. Tiltaka i planområdet skal etter anleggsarbeid ferdigstillast med vekt på god overgang til eksisterande naturområde. Sår i landskapet skal revegeterast.
- Murar og skjeringar høgare enn 1 meter må sikrast.

### 2.3 Estetikk (pbl § 12-7 nr 1)

- Bygg i planområdet skal ha einskapleg utforming med moderne formspråk. Gapahuk, grillhytte og liknande mindre tiltak i GF2 og GB kan utformast fritt i høve andre bygg i planen.
- Bygg skal byggast i naturlege material og det skal ikkje nyttast reflekterande takflater. Fargebruk på bygningar skal tilpassast ein jordfargeskala som ikkje skil seg ut, eller gjev dominante fjernverknad av planområdet.
- Terengmurar skal byggast med naturstein.

### 2.4 Nettstasjon (§12-7 nr.1 og 2)

- Nettstasjon kan oppførast i område avsett til bygningar og anlegg, samferdsleanlegg og bruk og vern av sjø og vassdrag, utanfor regulerte byggegrenser og kjem i tillegg til tillate utnyttingsgrad.
- Nettstasjonar skal ikkje vere til hinder for frisikt til veg.
- Nettstasjonar må plasserast minst 5 meter frå bygningar med brennbare overflater.
- Motorisert køyrety opp til klasse C, må kunne stå attmed nettstasjon og drive vedlikehald utan at det er til hinder for almen ferdsel.
- Nettstasjonar kan plasserast inntil 1 meter frå eigedomsgrensa.
- Nettstasjonar kan ha ein størrelse opptil 15m<sup>2</sup>, og kan etablerast i eigne rom i bygg. I slike tilfelle gjeld særskilte krav til utforming av rommet, tilkomst og ventilasjon m.m.

### 2.5 Byggegrenser (pbl § 12-7 nr 2 og pbl § 1-8)

- Byggegrenser er vist i plankartet. Juridisk byggegrense er påteikna ein illustrasjonsline for å visast betre i plankartet.
- Byggegrense mot sjø følgjer byggegrense vist i plankartet.

- c) Golvhøgda i 1.etasje skal ligge høgare enn 2,5 moh. Tiltak som kan tolle tidvise overfløymingar (kai, bryggjer, gangareal osv.) kan byggast lågare enn dette dersom konstruksjon og oppføring toler klimabelastinga.

## 2.6 VA-rammeplan (§12-7 nr.4 og 12)

- VA- og overvasshandsaming skal løysast i høve til den til ei kvar tid gjeldande VA-norm for Alver kommune.
- For byggeområda innanfor planområdet skal VA-rammeplan, datert 27.04.2021 leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering og byggjesakshandsaming. Lokal handtering av overvatn skal leggast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av det einskilde tiltak.
- Løysingar for fordrøyning og overvasshandsaming, samt avrenning frå tette flater skal leiaast til sjø eller infiltrasjonsflater.
- Det skal fortrinnsvis ikkje gjerast nye bekkelukkingar.
- Tilkopling til privateigd leidningsnett må avtalast med eigare av anlegget og etablering på anna grunn å avtalast med tinglyste grunnavtalar som sikrar eigar rett til drift og vedlikehald.
- Avklaringar rundt trykk må gjerast i dialog med driftsavdelinga til Alver kommune og må avklarast i detaljplanen i samband med prosjektering.

## 2.7 Massehandtering (§12-7 nr.4 og 12)

Mellombels deponering av massar, inn til to månader, kan bare skje i område med arealformål bygningar og anlegg og samferdsel og teknisk infrastruktur.

## 2.8 Parkering (§12-7 nr.7)

- For utleige fritidsbustader skal det etablerast 1 parkeringsplass for bil per eining.
- For båtplassar som ikkje er disponert av fritidsbygg innanfor planområdet, skal det etablerast 0,3 parkeringsplass for bil per båtplass og 0,1 sykkelparkeringsplass per båtplass.
- 1 av parkeringsplassane skal opparbeidast for røslehemma.

## 2.9 Tilgjenge (§12-7 nr.4)

Minimum 10% av utleigehyttene og minst éi eining skal oppfylle krava til universell tilgjenge. Dei andre einingane har ikkje krav til universell tilgjenge. Felles friområde f\_GF4 skal vere universelt utforma.

## 2.10 Kulturminne (§12-7 nr.2)

Dersom gjenstandar, konstruksjonar eller andre funn oppdages i samband med gravearbeid, skal arbeidet stanses omgående og kulturminnemyndigkeit varslast.

## 2.11 Eigartilhøve

Planen tek stilling til følgjande eigartilhøve:

Offentleg	Toskavegen o_SV1 med tilgrensande Annan veggrunn – grønt o_SVG Turparkeringsplassen o_SPP1.
Felles for planområdet	Tilkomstveg f_SV2 med tilgrensande Annan veggrunn – grønt f_SVG Parkeringsplassane f_SPP2 og 3 Kaiområdet f_VKA Renovasjonsområdet f_BRE.
Anna eigarform	Byggeområda BUH1-3 og BAA Sjøområda VS, VN og VB Friområda GF1-4 Badeområdet GB

	Landbruksområda LJO og L
--	--------------------------

### 3 Føresegner til arealformål (§ 12-5)

#### 3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

##### 3.1.1 Utleigehytta (BUH)

- a) Det kan førast opp inntil 5 utleigehytter totalt innanfor BUH1-3.
- b) Utleigehyttene kan ha ei grunnflate på inntil 50m<sup>2</sup> BRA.
- c) Maksimal byggehøgd er 7m.
- d) Hyttene skal leggast til rette for utleige.
- e) Maks tal på einingar utleigehytter og % bygd areal per felt er avgrensa etter tabellen under.

Feltnavn	Einingar	BYA
BUH1	2	30%
BUH2	1	30%
BUH3	2	50%

- f) Det kan opparbeidast privat uteoppholdsareal på maksimum 6m<sup>2</sup> som altan eller svalgang og som del av bygget. Det er ikkje tillate med privat uteoppholdsareal på bakken.
- g) Det er ikkje tillate med inngjerding av uteareal med gjerde, mur, hekk eller liknande. Inngangsparti eller svalgang i tilknyting til hytta på mindre enn 6m<sup>2</sup> kan inngjerast.
- h) Det er ikkje tillate med frittståande bodar. Lagerplass skal løysast i BAA
- i) Utleigehyttene skal plasserast 2,5m over 0-vasstand (NN2000).
- j) Utleigehyttene skal byggast på pålar og terrenginngrep skal minimerast.
- k) Det kan etablerast sykkelparkeringsplassar innanfor formålet.

##### 3.1.2 Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

- a) Det kan førast opp felles sjøbod med innvendig oppdeling av 1. etasje med bodareal til utleigehyttene og båtplassane.
- b) 1. etasje i sjøboden skal nyttast til oppbevaring av småbåtar, reiskapar og utstyr.
- c) I andre etasje kan det byggast 1 fritidsbustadseining for utleige på inntil 90m<sup>2</sup> BRA.
- d) Maksimal byggehøgd er 7m
- e) Maksimalt bygd areal (BYA) er 100%.
- f) Det er ikkje tillate med inngjerding av uteareal med gjerde, mur, hekk eller liknande.
- g) Det vert i sjøboden tillate oppsett av toalett for småbåthamn og badeplass. Toalettet skal ha tilkomst frå utsida.
- h) Sjøboden skal plasserast 2,5m over 0-vasstand (NN2000) eller utførast slik at 1. etasje toler overflauming.

##### 3.1.3 Renovasjonsanlegg (BRE)

- a) Areala skal nyttast til avfallshandtering.
- b) Renovasjonsanlegget f\_BRE skal planerast, asfalterast, og opparbeidast slik at renovasjonkjøretøy har lett tilkomst.
- c) Faste konstruksjoner til dømes bosshus og postkassestativ, mm. kan ikkje plasserast innanfor siktlinane eller langs veg.

### 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

#### 3.2.1 Veg (SV)

- a) Vegar skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist av plankartet.  
Naudsynt justering av vegareal skal avklaras med aktuell vegmynde.
- b) f\_SV2 er felles køyreveg for fritidsbusetnad (BUH1-BUH3) og VS, samt landbrukseigedomane gnr 443, bnr 2, 5, 9 og 22.

#### 3.2.2 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

- a) For annan veggrunn – grøntareal inngår: fyllingar, skjeringar, rekkverk, murar, grøfter og andre tekniske anlegg langs vegsystemet innanfor planområdet. Arealet skal òg nyttast til tilpassing mellom veg og tilgrensande formål.
- a) Fyllingar skal dekkjast til med jord og plantast til.

#### 3.2.3 Parkeringsplassar (SPP)

Parkeringsplassar skal opparbeidast som vist på plankartet.

- a) o\_SPP1 er offentleg parkering.
- b) f\_SPP2-3 er felles parkering for BUH1-3, BAA og VS.
- c) Det er tillate å etablere oppstillingsplass for felles renovasjonsanlegg i f\_SPP2

#### 3.2.4 Avkørselspilar

Avkørselspilar gitt i plankartet er juridisk bindande for avkørslar. Mindre avvik kan tillatast i samråd med rette vegmynde ved endeleg utforming av veg.

### 3.3 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

#### 3.3.1 Friområde (GF)

- a) Friområda er for fritidsbustadene og allmenta.
- b) Friområda GF1-3 skal vere opne for almen rekreasjon.
- c) f\_GF4 skal opparbeidast med hardt dekke og universell utforming, og kan nyttast til felles opphalds- og bruksareal for brukarar av utleigehyttene.
- d) Mindre tiltak som fremjar almen bruk av friområda, t.d. benker og enkle stiar og klopper, er tillate.

#### 3.3.2 Badeplass/-område (GB)

- a) Badeplassen skal vere tilgjengeleg for allmenta.
- b) Det er tillate å etablere feste for badebrygge, badetrapp og stupebrett i området

### 3.4 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (§ 12-5 nr. 5)

#### 3.4.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemد basert på ressursgrunnlaget på garden (L)

Føresegna til kommuneplanen sin arealdel gjeld. Lovleg bruk av areala skal vidareførast.

#### 3.4.2 Jordbruk (LJO)

Det vert tillate drenering, nydyrkning og tilføring av landbruksjord.

### 3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner (§ 12-5 nr. 6)

Eigar av eventuell fisk i steng i Hølen skal kontaktast ved sprengingsarbeid.

#### 3.5.1 Småbåthamn (VS)

- a) Det kan etablerast småbåthamn i formålet.
- b) Maks tal båtplassar er 49 båtar.
- c) Det vert tillate mudring for å sikre naudsynt djupne.

- d) Det skal leggast til rette for enkel tilkomst til sjø for kajakk og kano.

### 3.5.2 Naturområde (VN)

- Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske, er ikke tillate. Installasjonar knytt til oppankring av flytebrygganeanlegg frå VS er likevel tillate innanfor naturområde. Eventuelle inngrep må utførast skånsamt.
- Tiltak må ikke vere til hinder for hevdunnen bruk av sjøområda til fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys.
- Ankring er tillate.

### 3.5.3 Badeområde (VB)

Det vert tillate etablering av badebrygge, badestige og stupebrett.

### 3.5.4 Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VKA)

- Det er tillate med etablering av kai, kaifront og brygge.
- Det er tillate med opptreksanlegg for båt og oppføring av kran/vinsj for båtopptrekk på kaien. Båtopptrekket skal ha ei breidde på minimum 3 meter.
- Det kan etablerast sykkelparkeringsplassar innanfor formålet.
- Kaien skal ligge 2 meter over normalvasstand.
- Det er tillate med fellestiltak for småbåthamna som ikke krev løyve etter pbl §20-1.
- Det er ikke tillate med vinteropplag på kaien.
- Det er ikke tillate med aktivitet som forureinar omgjevnadene. Det gjeld t.d. vedlikehald av båtar og utstyr (maling, botnsmøring, oljeprodukt, blybatteri, o.l.)
- Kai/brygge langs land skal avsluttast mot terreng i søraust (framfor og søraust for BUH3) slik at gange vidare ut i terrenget i GF1 er godt tilrettelagt.

## 4 Føresegner til føresegnområde (§ 12-7)

### 4.1 Føresegner til føresegnsområde (område #1-2)

- I GF2 er det innanfor føresegnsområde #1 tillate etablering av friluftsremmande element som permanent teltplass, grillplass, grillhytte og gapahuk.
- I GB er det innanfor føresegnsområde #2 er mindre tiltak som fremjar friluftsformålet som til dømes benkar, bord, bålsplass, grill, teltplass med meir tillate.

## 5 Rekkefølgjekrav (§ 12-7 nr.10)

### 5.1 Før rammeløyve i BUH1-3 og BAA

- Før rammeløyve for tiltak etter pbl 20-1 i planområdet kan bli gitt, skal det ligge føre Tiltaksplan for uønskte framande artar i byggeområde, kaiområde og parkeringsplass.
- Før rammeløyve for tiltak etter pbl 20-1 som inneberer endring av massar i planområdet kan bli gitt, skal det ligge føre Plan for handsaming av massar.

### 5.2 Før bygg vert teken i bruk i BUH1-3 og BAA

- Før ferdigattest/mellombels bruksløyve kan bli gitt, skal tilkomstveg og parkeringsplass som skal tene det aktuelle delfeltet vere ferdigstilt.
- Før ferdigattest/mellombels bruksløyve kan bli gitt, skal VA-løysingar i tråd med VA rammeplanen som skal tene det aktuelle delfeltet vere ferdigstilt.
- Før ferdigattest/mellombels bruksløyve til bygningar i området kan bli gitt, skal det vere etablert renovasjonsplass.